

Orientering til høyringspartane (revidert 29.07.2013)

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve etter vassressurslova § 8 i saker som gjeld vassdragstiltak, unntatt mini- og mikrokraftverk og kraftverk over 10 MW. Denne orienteringa gjeld vassdragstiltak som ikkje er energianlegg eller er omfatta av *"Forskrift om konsekvensutredninger"*.

NVE si handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE tek i mot og handsamar søknader om løyve til vassdragstiltak etter vassressurslov § 8. Høyring skjer etter reglane i vassressurslova § 24.

Søknaden vert sendt på høyring og leggjast ut til offentleg gjennomsyn i kommunen. Den vert òg lagt ut på

www.nve.no/konsesjonssaker.

Utlekkinga vert kunngjort i minst ei avis i distriktet.

Høyringsfråsegn kan sendast inn **elektronisk** via saka si side på internett, per **post** til Norges vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, eller med **e-post** til nve@nve.no.

Søklar får høve til å kommentere innkomne fråsegner, før NVE gjennomfører synfaring i området. Alle som har gitt fråsegn vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang. Vedtak blir alltid grunngeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26.

Vilkåra kan omfatte byggjefristar, særskilde omsyn som må tas ved gjennomføring av tiltaket (avbøtande tiltak), naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten. Moglegheit til å klage er avgrensa til dei som har klagerett.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei planane som føreligg. Vi ønskjer grunngeve synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngeve forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

NVE forventar at **kommunen** omtaler tilhøve knytt til kommuneplanen og andre kommunale planar. Vi ber kommunen om å informere om kjente allmenne interesser (f.eks. landskap, friluftsliv, vassuttak, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa.

Fylkesmannen bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

Fylkeskommunen bør leggje vekt på forvaltningsplanar, kulturminne og friluftsliv som er særleg ansvarsområde for fylkeskommunen.

Vi syner til våre nettsider for meir informasjon:

www.nve.no/konsesjoner.